



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
31/2015	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	20.04.2015
27/2015	Kommunestyret	PS	04.05.2015

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Klyve	FA - S11	15/19

SØKNAD OM KONSESJON FOR SKARVAGROI KRAFTVERK

Vedlegg:

Skarvagroi detaljkart utbygging 2.2015

Skarvagroi oversiktskart utbygging 2.2015

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Skaragroi kraftverk. Tiltaket medfører eit stort naturinngrep og gjev ei heller beskjeden kraftmengde på ca 5 GWh, på grunn av fallenergi på berre 96 m. Tiltaket ligg ved inngangen til eit svært viktig lokalt og regionalt friluftsområde i Bergsdalsfjella. Frå før er Bergsdalsvassdraget sterkt prega av vasskraftutbyggingar og inngrep som gjev problem med tilgroing i vassdraget. Ein del urørte og særmerkte sideelvar er difor viktig å ta vare på. Skarvagroi har særprega naturkvalitet og tiltaket fører til kraftig reduksjon av vassføringa i elva. Elva er ein viktig del av landskapsbildet sett frå militærvegen. Frå Småbrekkevatnet og sørvestover har ein starten på i eit større område utan naturinngrep. Ei utbygging av Skarvagroi kraftverk vil medføre eit tap av inngrepsfrie område (INON) på 0,94 km².

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 31/2015

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Skarvagroi kraftverk. Tiltaket medfører eit stort naturinngrep og gjev ei heller beskjeden kraftmengde på ca 5 GWh, på grunn av fallenergi på berre 96 m. Tiltaket ligg ved inngangen til eit svært viktig lokalt og regionalt friluftsområde i Bergsdalsfjella. Frå før er Bergsdalsvassdraget sterkt prega av vasskraftutbyggingar og inngrep som gjev problem med tilgroing i vassdraget. Ein del urørte og særmerkte sideelvar er difor viktig å ta

vare på. Skarvagroi har særprega naturkvalitet og tiltaket fører til kraftig reduksjon av vassføringa i elva. Elva er ein viktig del av landskapsbildet sett frå militærvegen. Frå Småbrekkevatnet og sørvestover har ein starten på i eit større område utan naturinngrep. Ei utbygging av Skarvagroi kraftverk vil medføre eit tap av inngrepsfrie område (INON) på 0,94 km².

Kommunestyret - Sak 27/2015

KOM - Behandling:

Samrøystes vedtak.

KOM - Tilråding/Vedtak:

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Skarvagroi kraftverk. Tiltaket medfører eit stort naturinngrep og gjev ei heller beskjeden kraftmengde på ca 5 GWh, på grunn av fallenergi på berre 96 m. Tiltaket ligg ved inngangen til eit svært viktig lokalt og regionalt friluftsområde i Bergsdalsfjella. Frå før er Bergsdalsvassdraget sterkt prega av vasskraftutbyggingar og inngrep som gjev problem med tilgroing i vassdraget. Ein del urørte og særmerkte sideelvar er difor viktig å ta vare på. Skarvagroi har særprega naturkvalitet og tiltaket fører til kraftig reduksjon av vassføringa i elva. Elva er ein viktig del av landskapsbildet sett frå militærvegen. Frå Småbrekkevatnet og sørvestover har ein starten på i eit større område utan naturinngrep. Ei utbygging av Skarvagroi kraftverk vil medføre eit tap av inngrepsfrie område (INON) på 0,94 km².

Saksopplysningar:

Sammendrag frå søknaden:

Skarvagrovi elv i på Småbrekkei Bergsdalen i Vaksdal kommune vert søkt utnytta til kraftproduksjon gjennom bygging av Skarvagrovi kraftverk.

Det omsøkte kraftverket har inntak på kote 620 og kraftstasjon på kote 524. Det vil utnytte eit fall på 96 meter. Vannvegen vil bestå av ca. 715 m nedgravd røyrgate. Elva har eit nedbørsfelt på 7,44 km². Installert effekt er forutsatt å bli 1,4 MW og berekna middelproduksjon er 4,91 GWh.

Utbyggingskostnadane for Skarvagrovi kraftverk er berekna til 17,65 mill kroner, som gir ein utbyggingspris på 3,59 kr/kWh. Det vert søkt om anleggskonsesjon på denne 22 kV linja frå Skarvagrovi kraftverk fram til påkoplingspunkt til BKKs nett ved Småbrekke.

Området til Skarvagrovi ligg i eit friluftslivområde i kommunen. Ved utløpet av elva langs Småbrekkevatnet, nedrestølen, ligg det ein villmarksleir og at det går ein t-merket gamal militærvei langs sørsida av elven mot Moastølen og Samnanger. Planlagt nedgravd røyrgate vil gå på motsett side av elva og såleis ikkje berøre den gamle militærvegen. Kraftstasjonen vil liggja på samme side som røyrgata, og heller ikkje berøre gammel militærveg eller villmarksleir.

Støydempande tiltak og estetisk utforming står i fokus ved bygging av kraftstasjonen.

Raudlistearter, spesielle naturtyper og INON

Ved den naturfaglege undersøkinga vart det ikkje registrert raudlistearter innanfor influensområdet. Det blei heller ikkje registrert nokon spesielle naturtyper. Vegetasjonen består av vanlege og trivielle utformingar. Ei utbygging av Skarvagrovi kraftverk vil medføre eit tap av INON-arealer i sone 1 på 250 daa og 942 daa i sone 2.

Det er ikkje registrert automatisk fredet kulturminne innanfor influensområdet til Skarvagrovi

kraftverk. Som avbøtande tiltak er det planlagt ei minstevannføring på 126 l/s for sommeren (1.5-30.09) og 30 l/s om vinteren (1.10-

30.4), tilsvarende 5-persentilen, og utsetjing av hekkedasser for fossefall.

Samlet vurdering i konsekvensutredningene

Den samlede konsekvensvurderingen for biologisk mangfold er i rapporten sett til liten negativ (-).

Vurdering

Landskap og friluftsliv:

Det omsøkte prosjektet ligg ved Småbrekkevatnet i Bergsdalen om lag 17 km frå kommunesenteret Dale.

I Verdivurderingar av landskap i Hordaland vert Bergsdalen karakterisert som elvedal av «middels verdi» og fjellet rundt som lågfjell av «middels verdi». I Fylkesdelplan for små vasskraftverk får landskapet i fjellet der inntaka ligg, karakteren «sårbart høgfjellsområde» av «stor verdi». Nedre del av utbyggingsområdet ligg i randsona til dette området.

Det er eit større inngrepsfritt område (INON) inn mot tiltaket som med det omsøkte tiltaket vert redusert i storleik med totalt 0,94 km². I småkraftplanen får INON-området «middels verdi».

I Område for friluftsliv er terrenget opp i fjellet registrert som «store turområde» som er «svært viktige» regionalt (klasse A). Saman med området frå Hamlagrø har området den høgste verdien i Bergsdalen. Frå Småbrekke fører det T-merka tursti inn mot turisthyttene Gullhorgbu, Høgabu og Vending. Området er mykje nytta til turar med overnatting på hyttene og dagsturar. Dagsetappane er korte. Det gjer at denne delen av Bergsdalsfjella er særleg eigna for barnefamiliar. Etter at Bergen og Hordaland Turlag si nye hytte Gullhorgabu vart opna i juni 2014, har ferdselen i området auka kraftig. Det fyrste halve året ho var open hadde hytta ca 1000 besøkjande.

Militærvegen:

Vaksdal kommune har dei siste 20 åra i samarbeid med grunneigar, utvikla ein villmarksleir ved utløpet av Skarvagroi nede ved Småbrekkevatnet. De er tilrettelagt med trelavu, toalett og sitjeplassar i stein, som er ope for alle som kjem til området. Leiren vert mykje nytta heile sommaren til friluftsliv og fiske. Området fram til vatnet er flatt og fint og også eigna for folk med nedsett gangfunksjon eller rullestol. Den «snille» tilkomsten langs militærvegen gjer at dette no er eit av dei mest brukte friluftsområda i Vaksdal kommune.

Militærvegen som ikkje er formelt verna, men som er å rekna som eit viktig kulturminne, stod ferdig i ca 1929 og går over til Kvitingen i Samanger. Veggen startar i tunet på garden Småbrekke og går langs Småbrekkevatnet før han slyngjer seg oppover til Moastølen og vidare innover fjellet.

Elva Skarvagroi renn langs militærvegen og går delvis på bratte sva og skarv (derav namnet på området) på avsatsar i terrenget med små fossar med fine kulpar under. Denne naturtypen er veldig spesiell for dette området i Bergsdalen. Desse kulpane er mykje nytta til å fiska i. Her står det ofte fint fisk, som har gått ned frå Moavatnet eller komme opp frå Småbrekkevatnet.

Fylkesdelplan for små vasskraftverk har slike retningslinjer for sårbart høgfjell og friluftsliv:

I sårbart høgfjell av stor verdi skal ein vera restriktiv med vasskraftanlegg som fører til varige sår i naturen. Avbøtande tiltak: Tunneldrift og veglaus utbygging kan redusere konfliktgraden. (R4.1)

Ein bør visa varsemd ved utforming av ny vasskraftutbygging, slik at tiltaka ikkje reduserer opplevingskvalitetane i friluftsområde med stor verdi. Vaksdal kommune meiner at dette er ein del av eit svært viktig og mykje nytta regionalt turområde. Kommunen vurderer konfliktnivået for landskap og friluftsliv som så høgt at søknaden på dette grunnlaget ikkje bør stettast.

Gjeldande planar:

I gjeldande kommuneplan for Vaksdal ligg området i LNF-område. I EU sitt vanndirektiv, ligg det inne i forvaltingsplanen framlegg om tiltak med revisjon av vassdragskonsesjonen på grunn av mangel på minstevassføring og tilgroing i Bergsdalsvassdraget. Bergsdalsvassdraget er frå før kraftig regulert av BKK. Sjølve Småbrekkevatnet er ikkje regulert, men det meste av tilførsel av vatn ovanfrå Hamlagrøvatnet går i dag forbi i tunnel til Kaldestad kraftverk og renn ut i Bergsvatnet.

Vegbygging og terrenginngrep:

Den gamle militærvegen langs vestsida av Småbrekkevatnet og opp til garden Småbrekke. Det går ein nyare jorbruksveg frå fylkesveg 314 og det er planglagt å knytta seg på denne med ein ny tilkomstveg på 780 m fram til planlagt kraftstasjon like ovanfor utløpet av Skarvagroi. Den nye vegen kjem då ca 50 m på oppsida av militærvegen. Ein får tilbakeført vatn frå kraftstasjonen dei siste ca 80 m før elva renn ut i Småbrekkevatnet. Stasjonen vert ca 70 m² og tilpassa eksisterande terreng og bygg. Ein vil bruka ei Francisturbin som gjev minst mogeleg støy til omgjevnaden.

Inntaket:

Det er planlagt ein 2 m høg og 15 m lang innaksdam på kote 620 i Skarvagroi nedstraumst Moavatnet. Ein vil ikkje sjå dette frå militærvegen. Røylengda ned til kraftstasjonen vert ca 715 m med ein diameter på 1 m, der ein del av dette vert i sprengt fjellgrøft. I samband med bygginga vert det laga anleggsveg til inntaket med trase på ca 30 m breidde og med ein breidde på ca 12 m lengst nede for å skåna terrenget ned mot kraftstasjonen.

Vaksdal kommune meiner at inngrepa vil redusera opplevingsverdien landskapet har for det typiske friluftslivet i denne delen av Bergsdalsfjella.

Kraftlinjer:

Det er planlagt ein jordkabeltrasé for tilknytning til nett langs eksisterande tilkomstveg til kraftstasjon på om lag 530 m. Det går i dag eit stort luftspenn med ei kraftlinje over området, men denne er planlagt lagt om og fjerna i ei oppgradering frå BKK.

Verknad på samfunn:

Tiltaket vil gje inntekt gjennom eigedomsskatt til Vaksdal kommune. I anleggsfasen vil det bli utført arbeid som kan gje lokal sysselsetjing. Grunneigarar som vert medeigarar i kraftverket, er busett i området. Kraftverket vil kunna vera ei tilleggssinntekt for han og er dermed med på å sikra inntektsgrunnlaget for framleis busetnad i Bergsdalen. For å sikra optimal drift er det ynskjeleg at tilsyn og lettare vedlikehald vert utført av lokale aktørar. Gardsbruket på Småbrekke er i dag i aktiv produksjon og mottok produksjonstilskot.

Biologisk mangfald:

Ved den naturfaglege undersøkinga blei det ikkje registrert raudlisteartar innanfor området som er avhengig av vassføring frå elva. Fossekall brukar elva til hekking. Det er ikkje påvist spesielle naturtypar innanfor utbyggingssområdet.

Fisk: I rapporten vert det sagt at auren i Småbrekkevatnet er overtallig og småfallen, at Skarvagroi ikkje er noko viktig gyteelv, og at utbygginga ikkje vil få betydning for fiskebestanden. Vaksdal kommune er samd i dette.

Minstevassføring:

Som avbøtande tiltak er det planlegt ei minstevannføring på 126 l/s for sommeren (1.5-30.09) og 30 l/s om vinteren (1.10-30.4), tilsvarende 5-persentilen, og utsetjing av hekkedasser for fossekall. Skarvagroi er prega av høg vassføring i vår- og sommarmånadane og litt avtakande utover hausten. Elva er sjeldan veldig tørr. Elva frå inntaket er prega av blanskurt svaberg og flate parti med fossar og kulpar nedover. Elva ei ein viktig del av landskapsbildet sett frå militærvegen. Den foreslåtte minstevassføringa vil visa lite att i det breie elveløpet i høve til det som er i dag utan regulering.

Kulturminne:

Frå Hordaland fylkeskommune til søkjar er det opplyst at det ikkje er kjende freda kulturminne i tiltaksområdet. Militærvegen vert å rekna som eit viktig kulturminne, sjølv om han ikkje er formelt verna. Nede ved elva ligg ei gamal vårflor som høyrer til garden.

Konklusjon

Vaksdal kommune rår frå at det vert gjeve konsesjon for Skaragro i kraftverk. Tiltaket medfører eit stort naturinngrep og gjev ei heller beskjeden kraftmengde på ca 5 GWh, på grunn av fallenergi frå berre 96 m. Tiltaket ligg ved inngangen til eit svært viktig lokalt og regionalt friluftsområde i Bergsdalsfjella. Frå før er Bergsdalsvassdraget sterkt prega av vasskraftutbyggingar og inngrep som gjev problem med tilgroing i vassdraget. Ein del urørte og særmerkte sideelvar er difor viktig å ta vare på. Skarvagro i har særprega naturkvalitet og tiltaket fører til kraftig reduksjon av vassføringa i elva. Elva er ein viktig del av landskapsbildet sett frå militærvegen Frå Småbrekkevatnet og sørvestover har ein starten på i eit større område utan naturinngrep. Ei utbygging av Skarvagro i kraftverk vil medføre eit tap av inngrepsfrie område (INON) på 0,94 km².